

BEREKRAFTIG BYGGERI I SETESDAL FORPROSJEKT 2017 - 2018

BAKGRUNN FOR FORPROSJEKTET

Setesdal regionråd har fått støtte til prosjektet gjennom Fjellregionsatsinga i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Grunnlag for støtte i 2017 er:

« ... å rette fokus på hvordan lokale byggematerialer kan anvendes som et fortrinn i utvikling av steder og bygg i fjellområdene. Med utgangspunkt i steders særpreg, og med fokus på estetiske, bærekraftige, klimavennlige og innovative løsninger, kan fjellområdene etablere en økt bevissthet og identitet knyttet til fremtidens byggekultur. Dette vil kunne gi grunnlag for ny næringsvirksomhet, større lokal verdiskaping og sysselsetting.»

Setesdal er sertifisert som berekraftig reisemål, og prosjektet er eit godt tiltak for å følge opp dette.

KORT SKILDRING AV FORPROSJEKTET

Det skal teiknast og dels prosjekterast små og smarte overnattingsseiningar/ hytter for utleigeformål. Hyttene skal gi lite klimaavtrykk. For å komme fram til den beste løysinga skal ulike fag involverast, til dømes: arkitektur, tømrarfag, energiløysingar, plan- og byggjesak og reiseliv.

Viktige stikkord for berekraftige bygg er i dette prosjektet: Bruk av lokale materialar, varer og tenester, hovudsakleg tre som byggjemateriale, lokal byggjeskikk kombinert med nye trendar, kostnadseffektiv byggjeprosess, smarte (energi)løysingar og forsiktige terrenginngrep.

I neste omgang håpar ein at utbyggjarar vil byggje hytter fleire plassar i Setesdal. Gjerne med spesiell og spektakulær plassering.



Juвет Landskaphotell



Manshausen



Inhabit Treehouse, Antony Gibbons

Konkrete oppgåver i prosjektet

- Teikne og dels prosjektere to modellar av utleiehytter.
- Samanstille marknadsinformasjon med forbrukartrendar og erfaringar frå eksisterande verksemdar.
- Involvere interesserte grunneigarar eller utbyggjarar og kartlegge område som er aktuelle for realisering av byggjeprosjekt.
- Vurdere økonomi og kommersialiseringspotensial inkl. moglege driftsformer.
- Vurdere restriksjonar og moglegheit innan arealplanlegging.
- Utforme skisse for eventuell realisering av pilotprosjekt.

Mål for prosjektet

I tillegg til det som er beskrive konkret, så er målet på sikt at prosjektet skal legge grunnlag for mellom anna:

- Unike, attraktive og miljøvennlige overnattingsseiningar fleire plassar i Setesdal.
- Auka kompetanse om og fokus på berekraft og miljø som faktor i samfunns- og regionutvikling, i næringsutvikling og innan arealforvaltning og utbyggingspolitikk.
- Auka lokal verdiskaping og samarbeid mellom aktørar.
- Auka attraktivitet og merksemd for Setesdal som berekraftig reisemål.

Ein ser fleire døme på at unike overnattingsplassar med spesiell arkitektur og plassering, blir attraksjonar i seg sjølv.

I Setesdal har me flotte vassdrag, fjell og skogar - så moglegheitene er gode om me får med myndigheiter og utbyggjarar på laget!

Fagleg ansvarleg:
Arkitekt Erick T. Allende
erick@tha-arkitekter.no

Prosjektkoordinator:
Ingvild Hovden
post@hovdenkontoret.no



Setesdal Regionråd
Berekraftig og fornybar